

Padleturar i Austevoll



Turforslag:



- 1) Sveholmen - Kalsvik - Kalve - Sveholmen
- 2) Vasseidet - Krossøy - Skårasundet - Vasseide
- 3) Rostøy - Horgo rundt - Rostøy
- 4) Beinskrokjen - Drøno rundt - Beinskrokjen
- 5) Gråsidalen - Heimarkpollen - Småstraumane - Gråsidalen
- 6) Haukanespollen
- 7) Husavik - Gilsvågen - Kalsund - Blænesøy - Husavik
- 8) Selbjørn - Lunnøy rundt - Selbjørn
- 9) Stolmen rundt
- 10) Møkster og Litlakalsøy

Inspirasjonskjelde

Denne miniguiden er meint som ei lita inspirasjonskjelde til å ta jakken og åra fatt og utforska nye delar av den fantastiske skjergarden i Austevoll. Med 677 ulike holmar, skjer og øyar og over 722 kilometer strandline, seier det seg sjølv at ein liten miniguide som dette ikkje kan vera utfyllande nok. Likevel er guiden eit resultat av mangfoldige timar med padling, i både godvêr og meir utfordrande tilhøve dei siste fem-seks åra.

Alle aspirasjonsnivå

Austevoll har noko å by alle: Frå innlandsaktige opplevingar i Haukanespollen, til ville havdønningar og refleksbylgjer utanfor Kalve om hausten og vinteren. For dei fleste er kanskje ein roleg tur på nokså flat sjøtingen, kanskje med kortare avbrekk med meir utfordrande tilhøve.

Dei fleste turane i denne brosjyra

tek mellom halvannen og tre timar, men det er sjølvsagt mogleg å slå fleire av dei saman, som til dømes leggja turen over Møksterfjorden frå Horgo til øyane vest om den grønne øya som har gitt fjorden namnet sitt.

Tryggleik

Det er vanskeleg å koma nærare elementa enn i ein havkajak. Det fører òg med seg spesielle krav til padlaren. Legg aldri ut i forhold du ikkje meistrar (sjekk alltid vêrmeldinga), kle deg alltid etter vasstemperaturen i sjøen (ei tørrdrakt er ei utmerkt investering), hugs å ha stor respekt for andre fartøy på sjøen - kle deg si lett synlege fargar, kryss farleier på raskast mogleg måte, og syt for at du ikkje er til sjenanse for andre fartøy. Eit kurs i grunnleggande dugleik og teknikk kan vera ein utmerkt måte å bli introdusert til padling og redningsteknikkar på.

Om padleklubben:

havstril padleklubb vart stifta i 2006, og etter knapt fem års drift organiserer me opp og ned med 100 medlemmar, som gjennom medlemsskapa sine disponerer ein av landets aller flottaste havkajakklåtar. Desse er for det aller meste kjøpt inn gjennom støtte frå det lokale næringslivet. Utan støtte frå til dømes reiarlaget Østerbris AS, Sparebanken Vest, Austevoll Seafood, Sjøtrppl og Austevoll kraftlag, hadde det ikkje vore mogleg med ein så rask vekst som me har hatt på

materiell- og medlemssida.

Hovudmålet vårt er å gjera padling i havkajak meir tilgjengeleg for fleire: For ungdommar og studentar kostar det berre eit par hundrelappar og for seniorar er medlemsskapet òg innanfor det som kan omtalast som ein sær billeg penge.

Me har stort fokus på tryggleik og kursing. Og er du ikkje medlem enno, ta gjerne kontakt på e-post: info@havstrilpadleklubb.no eller mobil 988 74 253 (Trond Hagenes, leiar). Meir info: www.havstrilpadleklubb.no

1) Sveholmen-Kalve-Sveholmen

Dette er på ein måte signatorturen til Havstril padleklubb. Ta turen ut frå Sveholmen, padl sørom Spissøy og forbi Bahu/bakkasund og kryss over Kalsvika til Kalve. Her der det fleire små løp du på nokolunde flo sjø kan palda ut i gjennom, for deretter å bisna på storhavet. På Kalve er det eit fint, gammalt naustmiljø, og på ein av holmane utanfor trefte me stadig

på eit par sær sossiale hanningeiter i 2010-sesongen. Dei ville gjerne om bord, eller i det minste eta dekkssriginga på kajakkane våre.

Innanfor Kalve, ligg ei vik som gamle Hallvard Kalve meinte kunne ha vore tilhaldsstaden til ei gamal vikinghøvding. Når ein ser vika, og tenkjer korleis det kan ha sett ut med tre-fire meter meir sjø, er det lett å forstå.



2) Vasseidet - Krossøy (tur/retur)

Ein av dei finaste turane me tek i Havstril padleklubb er frå det gamle naustmiljøet ved Vasseidet, Birkeland og rundt Krossøy til Ryarbåsen og det idylliske Skårasundet. Midtsommar er det knapt ein vakrare stad i heile Austevoll enn dette området, som er veileigna for ein stogg med forsiktig bruk av eingangsgrillen. Området er òg veileigna for bading og andre sommarlege aktivitetar. Nord for Skår er det mange vikar og småøyar som skrik etter å verta utforska. Husk berre at du på vegen må kryssa leia

til ferja, og nyleia i tillegg. Ha òg i memte at du ikkje kan rekna med at sjøfararande i større fartøy får auge på deg. Sats på å kryssa leia når det ikkje er båtar eller skip på veg i retningen din.

Laguna ved Rysarbåsen hadde ei viktig rolle under krigen, då lokal-kjende Sjur Normann Østervold nytta vika som gøyme plass for MTB-en sin før eit raid på shipping langs leia. D/S “Borgny” vart torpedert, og olja om bord kom ikkje til nytte for det tyske krigsmaskineriet.

3) Horgo rundt, frå Rostøy

Øya Horgo er ein av dei mest fascinerande stadane i heile Austevoll. Namnet på øya skal skriva seg frå offerstad. No er det heller sjeldan at eldre og svake vert puffa til drukningsdøden i desse dagar, og Horgo er heller staden for idyll, enten det er ved dei særigna berga ved vik Store Vaula, utsikten frå BOF sitt hus oppe på øya, eller havdønningane som nærast uavbrutt rullar inn og slår mot berga. Sjølv på dei finaste dagane innaskjers, kan det fort verta ganske røft på Vestsida. Viss du ikkje er klar for det, er det ein genial snarveg mellom Store Vaula og Austrevågen: Du treng berre bæra kajakken 30 meter for å koma frå den eine vika til den andre.

Dette er ein noko lengre tur enn



Strandhogg i Austrevågen, Horgo.

mange andre i denne miniguiden, men kan likevel gjerast unna på under fire timar i moderat turtempo. Aller best vert han likevel som dagstur, men innlagt kosestopp på den idylliske øya, som vart fråflytta for tre-fire tiår sidan.





4) Beinskrokjen - Drøno rundt

Ein tur rundt Drøno kan gje enormt gode padleopplevingar - og stor variasjon. Med utgangspunkt i småbåthamna i Beins-krokjen kan du padla ut Busepollen og nordvest mellom holmane utanfor sørspissen på Drøno. Akkurat her er det ofte bylgjer og drag frå Møkstrafjorden som mar-mar mot land og skapar kjekke eller utfordrande tilhøve, alt etter korleis ein ser det.

Havstril hadde sjølve jomfuturen sin, den 6. juli 2006, rundt den fascinerande øya vestom Huftarøy. Heilt på nordaustsida av øya, kjem du inn

i Drønsstraumane. Her er det nesten alltid heilt stille, med unntak av flo og fjøre, som med moderat og oftast kjærleg hand kosar med kajakkskroget.

Geiter, sjøfugl og dei gamle nausta på sjølve Drøno gjev absolutt gjenklang i kropp og sjel etter ein har over ute og leika seg i bylgjene. På vegen attende ut pollen og inntil Beinskrokjen, kan ein liten avstikkar inn i Storevika vera på sin plass. Ikkje for å studera Sjøtroll sin lagringsplass for oppdrettsutstyr, men for det gamle steinbrotet som ligg innanfor.



5 Heimarkpollen

Me tek utgangspunkt i Gråsidalen, Storebø. Her er det ei grei strand å sjøsetja kajakken i på høgvatn, eller eit båtoppdrag lenger inne i vika. Før du kjem til pollen, kan den gamle kveiteoppdrettsvika Hyltropolen på austsida av Fleskarygg vera kult. Rett nok er ikkje etterlatenskapane vakre å sjå på, men vika har likevel særeige kvalitetar som er verdt å utforska nærare. Padlar du vestom Rostøy ligg det eit vrak der frå 1960-tallet (sjå foto side 5). Båten “Solnes” sleit seg i eit uvær, og vart liggjande, delvis stranda, som ei kjempekval.

Det er to-tre alternativ til å komma seg inn i sjølve pollen. Som oftast er det ganske mykje straum i hovudstraumen. Under dei rette forholda kan straumen på det mest utsette strekket koma opp i sju knop. Likevel er det alltid mogleg å koma seg inn eller ut, heilt aust er det kanskje enklast. På Straumsøy er det ein

langstrakt vakker tørrmurt kai, som frå gammalt at vart nytta til å buksera båtar gjennom den vestre straumen. Ein vakker konstruksjon er det i alle høve.

Den andre vegen me likar er på andre sida av Straumsøy, Kyllarane. Her er det vakre sjøanemonar på botnen, eit vrak i form av skyssbåten “Skjergard” som på lågvatn stikk delar av skroget opp av havskorpa. Straumen her vert sjeldan like sterk som i det andre alternativet.

Inne i sjølve pollen er mellom anna dei særeigna nausta i Naustheller absolutt nokre ekstra padletak. Det same gjeld båtbyggjarmiljøet i Slorkjen. I likskap med Haukanespollen, som berre ligg eit steinkast frå Åmundpollen ved Eido, får du ei viss innlandskjensle ved å padla denne pollen ein finversdag. Er du ute i styggevær vert pollen ofte krevjande å prøva seg på. Dette gjeld kanskje spesielt i sterk søravind.

5) Haukanespollen

Ein tur innom Ytrepollen, innanfor – forbunde med Haukanespollen ein trong, blåskjelfylt småstraum, er flott om hausten. Trass i det mørke brakkvatnet, reflekterer trea seg då i gul, grøn, oransje og raud prakt. I tillegg er det ofte ender, skarv og andre fuglar å sjå. Padlar du heilt inn til botnen av sjølve Haukanespollen, kjem du til ytterpunktta av ei av løypene til Loddo. Her er det dermed kombinera fjell- og padletur, eller rett og slett ta deg ein slurk av dei gode vatnet som sildrar ned i pollen.



7 Husavik, Gilsvågen, Kalsundsholmen

Langenuen er normalt ikkje favoritt-plassen vår. Likevel er det ein flott tur om ei set ut frå Husavik med kursen sørover. Dei blankskurte bergsidene ned mot sjøen kan gje

dynamiske opplevingar. Sving inn i Gilsvågen, eit bra naustmiljø, titt innom friluftsområdet på Kalsundsholmen – ei lita perle i seg sjølv, og vel verd ein stogg – grilling eller bading kanskje – på sommarstida.

8 Selbjørn - Lunnøy rundt

Ei perle av ein tur. Enklast hadde det vore å sjøsett båtane i Nordrevågen, men her er oppsittarane blitt ganske fiendtlege, så det enklaste er kanskje berre å padla ut frå Jutholo ved Bekkjarvik.

Eikholmen, eit lite ferieparadis på vegen, set kursen mot det næraste oppdrettsanlegget, og gå i staden på nordsida av det, kikk inn i eller gå i land i den pittoreske vika på Litla Lunnøy. Masse skarpe skjell på botn, så ver varsam med kajakken.

Kryss så over til sjølve Lunnøy, me likar å gå mellom Fløtholmen og øya på nordsida, der det eller er eit heilt lite konglomerat av holmar og skjer. Den vesle hamna er sjølv sagt obligatorisk. Så langt vest som her, er det på våre og sommaren ofte store mengder sjøfugl å sjå. Måse, ternar, skarv og ærfugl kan ein saktens treffa på rett som det er. Det er ei sann fryd å gli mellom holmane på veg rundt øya, og dei siste åra har det vore geiter på Lunnøykalven. Vakt deg, så dei ikkje stig om bord og et opp



nista du kanskje har med deg under dekkslinene.

Vegen heim kan godt gå langs Selbjørnslandet. Bortanfor industriområdet på Rabben, finst det ei rekkje fine vikar og passasjar, både inn i Veivågen, Kobbaneset og Fagerbakkavågen. Dette er uansett ein av Havstril padleklubb sine desiderte favoritturar på forsommaren.



har støtta utgjevinga av denne miniguiden

9) Stolmen rundt

Sett i lys av at at Skoltafjorden
ogdet eksponerte strekket frå Våge
til Fugløysundet kan vera krevjande
nærast heile året, er dette ein tur for
finvêrsdagane eller for dei røynde,
som likar rørsle under skroget.

Her er minireportasje frå klubbtur
kring øya for nokre år attende:
17,3 kilometer langs bratte berg,
lyngkledde haugar og grøne bråte
torsdag. Ni havstrilar la ut frå Våge,
med ei rekkje åtvarande formaningar
frå gamle sjøulkar som syntest at
farkostane våre såg vel skrøpelege ut
sjølv om ein slik finvêrsdag.

Våtdrakter og ullundertøy vart
skifta ut med shorts og trøyer med ko-
rte erme for dei fleste. Ein svak trekk
frå sørvest heldt oss litt avkjølte.
På vegen vestover mot Kyrkjevika var
det litt sjø, men ikkje slik at det på
nokon måte vart teknisk utfordrande.
To havstrilar stakk langt ut, medan
resten heldt seg meir langs land.
Rune var spesielt hissig på å helsa på
tang og tare og kjenna sjøsprøyten i
den lyse luggen, når bylgjene braut
mot knausane.

Me padla inn i eit stort flak med
mette ærfuglar. Det var lite vind for
dei, og dei sleit med å ta av. I sta-
den dykka dei, og kom opp attellom
båtane, ein stor feit andesteik måtta
avbryta takeoff då han heldt kolisjon-
skurs med leiarens kajakk. Det kunne
blitt litt av ein smell mellom dei to,
relativt sett, tungvektarane.

Me kom oss etterkvart inn i le for
det som var av sjø og trekk, og padla

inn i Sørvik. Der trefte me medlem-
mar av Stangeland-klanen, som mel-
lom anna Nina gjorde sitt ytterste for
å rekruttera til neste vekes introkurs.
Godt jobba, om ein kan sei det slik.

Medan Rune framleis leika seg
med skum og sjøsprøyt, tok mange
den rakaste vegen til Fugløysundet.
Me padla over store bankar med tjukk
tang; den som dorgar lyr over slike
område er garantert fangst. Men me
hadde andre ærend. Me vurderte ei
stund å padla til Hevrøy då me var
kome inn i ein havblikk Skoltafjord,
men sidan klokka tikka mot ti, gav me
oss på det.

Nokre av oss fylte vatn i Kvalvå-
gen, slo av ein prat med legendariske
Sigurd'n, og Hagenes nytta sjansen
til å gratulera ein gamal kjenning
med overstått 70-årsdag i Pettersen-
huset. Så bar det vidare, forbi Val-
hammarberget der kveitene pleiar
leika seg i djupna, før ein stor open
dori laga gode bylgjer som forårsaka
eit og anna frydefylt kvin.

Etter tre timar og nokre minutt i
båtane, og 17,3 kilometer tilbakelagt
steig me i land. Og eg trur ikkje det
er nokon overdriving å slo fast at alle
var eninge om at det hadde vore ein
fin tur :-)



10) Øyane kring Møkster og Litlakalsøy

Eit lite eldorado. Legg gjerne dagstur, eller helgeturen ut her. Hugs at Møkstra fjorden ofte kan vera krevjande med havsdønningar som rullar inn frå Nordsjøen når du kryssar over. Ei løysing på dette, kan vera å ta snøggbåten fatt. Ring for all del mannskapet på “Tedno” før du troppar opp med 6 meters last som skal lokaliseraast om bord.

Me tek utgangspunkt i hamna på Møkster, og padlar nordover. Dette området er normalt temmeleg roleg, før du kjem nordpå. Her er mellom anna Helgeskjeret, der ein tysk fisketurist omkom då båten han nytta vart knust til pinneved. Lenger nede ved Vestrevågen, som skjerer inn i land-

skapet på Møkster, startar idyllen. Kuøya, dei små holmane rett vestom, alt saman er storvegs idyll.

Området er prega av spesielle bergartar, og det er mellom anna heilt spesielt å padla mellom Austre Åkerøy og Risøya, der det er små overheng av bergartar som minnar om skifer. Rett forut skal du no har Rosmundsholmen med fyrlykta på. Litlakalsøy er minst like flott som Møkster, utan at bergartane og landskapet skiljer seg så klart ut som Møkster gjer. Dei små holmane vest av hamna er likevel vel verdt å få med seg, og skal vera ettertrakta badeplassar om sommaren.

BØLGEN og meg

Alt du treng
til den store
padleopplevelinga

Tlf.: 907 34 205
www.bolgenogmeg.com
thomas@bolgenogmeg.com